

## «Partnership» – utfordringar til norsk misjon

OLGA DYSTHE

Sidan det sentrale ordet «partnership» er gjengitt på engelsk i det emnet eg har fått oppgitt, er det nærliggande å dra den slutninga at det står for noko som enno ikkje har slått rot i norsk misjonstenking. Når det dessutan i programmet blir knytta til «de internasjonale økumeniske fora», kan det for enkelte vere eit signal om at her må ein vere på vakt. Men mi forståing er at det i dag er brei tilslutning til dei prinsippa som «partnership»-tenkinga byggjer på, også innan Lausannerørsla som norsk misjon er nær knytta til. Misjon er ikkje lenger noko som dei kvite kyrkjene i Vesten driv overfor farga folkeslag «ute». Kristendommen sitt tyngdepunkt har flytta seg til andre kontinent, og det i seg sjølv endrar den tradisjonelle oppfatninga av misjon. Det er ikkje lenger så opplagt at det er «vi» som sender og «dei» som mottar, – i prinsippet er både «moderkyrkjer» og «dotterkyrkjer» sendarar og mottakarar og dermed blir vi «søsterkyrkjer». Det grunnleggande i «partnership»-tenkinga er at vi har fått misjonsoppdraget felles og at vi derfor er «partnarar» i misjon. Det gir eit anna perspektiv på forholdet mellom kyrkjene heime og ute. Eg vel å bruke eit norsk uttrykk, «partnarskap i misjon», for å markere at dette på ingen måte er eller bør vere framande tankar i norsk misjonssamheng. Men det er ofte eit langt steg frå prinsipiell aksept til det gjennomsyrer praksis. Eg er ingen teolog, og har valt å ta utgangspunkt i mi eiga erfaring som misjonsinteressert kyrkjelydsmedlem og i det eg har fått kjennskap til og opplevd gjennom kontakt med kyrkjer gjennom i Det lutherske verdsforbundet (LVF). Ein del av dei utfordringane eg tar opp, vil vere sjølvsagde for nokre og aktuelle for andre, for «norsk misjon» er ikkje noko eintydig omgrep.

### **Kven er partnar i misjon her heime?**

Den første utfordringa eg vil kome med, er knytt til spørsmålet: Kven er det egentleg som er *partnar* i misjon her heime? I utgangspunktet tenkte eg på Den norske kyrkja og det faktum at misjon i stor grad blir ivaretatt av misjonsorganisasjonane, med det resultat at mange ikkje oppfattar misjon som noko som angår dei. Det fell dei ikkje inn at dei er partnarar i misjon, – det er det andre som tar seg av. Men samtidig som eg trur vi har noko å lære av korleis andre kyrkjesamfunn integrerer misjon i den vanlege verksemda, stiller eg også spørsmålet til dykk: Kven er misjonspartnar?

Hovudpoenget mitt er: Det er heile Guds kyrkje her heime som må oppfatte seg som partnar, ikkje berre «dei med spesiell interesse for misjon», anten dei no er organiserte i misjonsorganisasjonar innan Den norske kyrkja eller dei dannar spesielle misjonsringar og grupper innan dei andre kyrkjesamfunna. Utfordringa i kvar av kyrkjene våre er at kvart einaste medlem ser seg sjølv som ein del av eit globalt fellesskap, med del i eit ansvar som partnarar i misjonsoppdraget, ute og heime.

For ikkje å bli misforstått vil eg understreke at misjonsorganisasjonane har si spesielle oppgåve innan Den norske kyrkja og at dei trengs framleis. Forkynninga av evangeliet for unådde folkeslag og hjelp til kyrkjer ute vil alltid ha behov for menneske som er brennande i iver for nettopp dette oppdraget. Samtidig må vi i dag på ein ny måte integrere misjonsengasjementet i kyrkja sitt liv. Den samtalen som starta i forkant av Kyrkjemøtet, må føre til konkrete tiltak, først og fremst for misjonsoppdraget si skuld.

Tre heilt praktiske og konkrete utfordringar: Begynn med å arrangere ein *menighetens misjonsdag* der alle misjonsorganisasjonane presenterer sitt arbeid og der utfordringane frå kyrkjene ute blir synleggjort. Det bør følgjast opp av at *lokale misjonærar, uansett organisasjon og kyrkjesamfunn, blir regelmessige forbønsemne i gudstjenesta* og informasjon frå desse misjonærane blir kanalisert til kyrkjelyden. Det gir nærleik til misjonsoppdraget og er ein føresetnad for å oppdage kva ansvar vi har som partnarar. Den tredje konkrete utfordringa er til misjonsorganisasjonane når de får *besøk frå søsterkyrkjene ute*: Ikkje hald dei innan egne rekker, men bring dei også inn i den lokale kyrkjelyden og la dei møte menneske med tilsvarende oppgaver innan kyrkja på lokalt eller nasjonalt nivå. Dette har eg fått formidla som eit sterkt ønske frå søsterkyrkjer ute, og for dei har det nettopp med å bli tatt på alvor som partnarar. Samtidig synleggjer det at vi står saman om misjonsoppdraget innan Den norske kyrkja.

Men det er ei anna side når det gjeld spørsmålet om kven som er

partnarar i misjon, og det er den økumeniske. Vi er samde om at vi er felles om oppdraget også på tvers av kyrkjesamfunn, men har det konsekvensar i praksis, heime og ute? Er dette aspekt som de er opp-tatt av innan Norsk Misjonsråd?

### **Er misjonskyrkjene sin misjon vår misjon?**

Når eg så vender blikket utover, vil eg ta utgangspunkt i noko av det mest gledelege eg har fått kjennskap til gjennom arbeidet i Avdeling for misjon og utvikling i LVF: *Korleis kyrkjer i Afrika og Asia i aukande grad er byrja drive sitt eige misjonsarbeid* på eige kontinent eller til og med på andre kontinent. Ut frå ei forståing av at misjon er eit heilt nødvendig uttrykk for kyrkja sitt liv, er det gledeleg fordi eg trur misjonærar frå den tredje verda kan ha færre barrierar å vinne over enn misjonærar som kjem frå den vestlege verda. Det eg ikkje veit, men som eg utfordrar dykk på som representerer norsk misjon, er om de ser på slik misjon som ein del av dykkar eiga misjonsverk-semd, ei forlenga hand, så og seie. Gir de t.d. konkret økonomisk støtte til misjonsprosjekt som søsterkyrkjene initierer, inngår det som ein del av den informasjonen de bringer til givarane her heime, og oppfordrar de til at pengar gitt her heime blir kanaliserte på denne måten? Sjølv synes eg det ville vere fantastisk å vere med å støtte slik «andregenerasjons-misjon». Men eg veit heilt konkret at for ein del kyrkjer ute er det svært problematisk å finansiere eiga misjonsverk-semd fordi dei slit med sin interne økonomi.

Utan å gå nærara inn på det, vil eg ha nemnt at eg synes det ligg ei utfordring i den type misjonstenking som Aril Edvardsen står for, nemleg å finansiere lokale evangelistar i staden for å sende misjonærar ut herifrå. Når eg ikkje vil utdjupe dette her og nå, så er det dels fordi eg ikkje har tenkt godt nok gjennom alle implikasjonane, men også fordi eg ærleg meiner at det framleis er viktig å sende misjonærar ut, og eg vil nødvendig bli misforstått på det. Likevel, kan vi ikkje tenke oss ein større grad av kombinasjon enn det tilfellet er i dag? Fører ikkje partnerskapstenkinga med seg at misjonspengar i større utstrekning går direkte til innfødde arbeidarar, anten dei arbeider i eiga menighet eller dei er misjonærar i eit anna tredje verds land?

### **Vi som mottakarar**

Det er naturleg som neste punkt å seie litt om misjon den andre vegen, og mi utfordring til dykk er i kva grad er de kanalar for impulsar frå kyrkjene ute til oss? Det er ingen tvil om at vi i Vesten treng den utfordring som ligg både i teologi og forkynning som er oppstått under andre forhold enn våre. Få ting har vore meir forny-



ande for mitt eige kristenliv enn nettopp det å møte kristendomsforståing og utlegging av Guds ord frå den tredje verda. Eg las nett med stort utbytte *Det farlige ordet*, redigert av Per Anders Nordengen, med preiker frå Sør Afrika, og det grip meg fordi bodskaper er formulert så direkte og så jordnært og fordi tru og handling grip inn i kvarandre utan vårt skilje mellom det religiøse og det verdslege. Både den måten afrikanske kristne integrerer trua på Gud i alt dei gjer, og likeeins bibelarbeidet innan den søramerikanske frigjerings-teologien har vore ein stor inspirasjon. Ein av grunnane til at eg meiner økumenikk og misjon heng saman, er nettopp at ingen av oss har sett heile sanninga, heile fylden av Guds ord og bodskap til oss, og gjennom kontakt over landegrensene og kyrkjegrensene får vi ei vidare forståing og kan bli vekte til å sjå nye sider. Men formidlar de «det farlege ordet», eller berre den slag forkynning som er ei avspegling av vår eigen teologiske tradisjon og til forveksling lik norske preiker? Eg synes altfor ofte det siste er tilfelle.

Den andre konkrete utfordringa når det gjeld misjon den andre vegen, går på å få i stand langt meir utveksling av medarbeidarar ute og heime, slik at flest mogleg kan oppleve partnerskap i praksis gjennom konkrete menneske. Eg synes samarbeidet mellom Det norske misjonsselskap og kyrkjelyden i Spjelkavik om å engasjere den gassiske presten George Ramampiaro for eit år, var spennande. Men det treng ikkje vere prestar. Kanskje vil det innan diakoni eller ungdomsarbeid vere mindre problem med språkbarrierar? Utveksling av medarbeidarar begge vegar meiner eg er langt viktigare enn dei fleste tenkjer over. For det første er dette ei synleggjering av partnerskap som vi treng, både for å sjå kor mykje vi har å lære frå kyrkjene i den tredje verda og for å sjå vårt ansvar for å dele i langt større og gjennomgripande grad enn hittil. For det andre må vi innsjå at i vår TV- og mediatid er det snart berre møte med levande menneske frå andre kulturar som kan vekke oss av den sjølbekyttande forbrukardvalen mange av oss lever i. Ingen er nærare til å gi oss slike møte enn nettopp misjonen, men dei skjer i altfor liten grad i Noreg i dag.

### **Økonomi og avhengighet**

Refleksjonen over partnerskap gjer også at eg stiller eit meir overordna spørsmål: Kva slag langsiktige mål har de for samarbeidet med dei nye kyrkjene de er med på å byggje? At dei skal greie seg sjølv snarast mogleg eller eit permanent partnerforhold? Der ser ut til å vere to grøfter å falle i slik eg har høyrte det frå kyrkjer ute. Den eine er moderkyrkja som ønskjer at dotterkyrkja skal bli ein kopi av seg

sjølv, i alle fall i teologisk profil, og som brukar det faktum at dotterkyrkja er økonomisk avhengig av støtte frå misjonsorganisasjonen til å øve innflytelse, også etterat dotterkyrkja er blitt «vaksen» for å seie det slik, og ønskjer å vere likeverdig og ta sjølvstendige avgjerder. Det har i ein del konkrete tilfelle ført til store interne konflikter i kyrkja ute, som lammar verksemda og øydelegg truverdet i vitnesbyrdet. Eg har sett dette på nært hald, og det er noko av det mest tragiske eg har møtt. Den andre grøfta er misjonsselskap som helst ønskjer å dra seg ut så snart evangeliseringsoppdraget er utført for å bruke ressursane til å gå ut til nye misjonsmarker. I slike tilfelle kan kyrkjene ute kjenne seg forlatt. Norsk misjon har helst hatt tendens til å bli verande, – kanskje for lenge? Utfordringa kan derfor vere å planlegge heilt frå starten av når nye misjonskyrkjer blir grunnlagt, i retning av at dei skal bli sjølvstendige. Det får konsekvensar t.d. for korleis ein brukar ressursane, både dei økonomiske og dei menneskelege. Dersom misjonen ikkje tar sikte på å bli, er det naudsynt å utvikle lokalt leiarskap og økonomisk bærekraft tidleg.

I forlenginga av dette vil eg utfordre misjonsorganisasjonane på kva de ser som legitimt å støtte økonomisk i samarbeidskyrkjene ute. Ein sentral tanke i partnerskap er at kyrkjene skal bli økonomisk uavhengige, fordi økonomisk avhengigheit alltid fører til andre typar av avhengigheit. Men mitt poeng er at dersom kyrkjene ute skal bli økonomisk uavhengige av oss heime, kva hjelp gir vi dei så til å etablere ein økonomisk rygggrad som gjer at dei kan bli det? Er våre rammer for kva som kan få støtte og kva som ikkje kan få støtte så snevre at vi til dømes ikkje kan hjelpe dei med kompetanseoppbygging og kapital til å etablere inntektsbringande tiltak som kan stabilisere den kyrkjelege økonomien deira? Her vil nokon innvende at eg blandar misjon og støtte til kyrkjer. Men det er ein samanheng her som nettopp partnerskapstenkinga har vist oss. Kyrkjer som blir sjølvbærande økonomisk, frigjer misjonens midlar til andre prosjekt og dessutan kan dei sjølve bruke ressursar på misjon.

### **Utfordringar frå «United in Mission»**

Eg vil til slutt nemne eit eksempel på partnerskap i misjon i praksis som viser korleis tyske misjonsselskap heilt konkret prøver å ta konsekvensane av at partnerskap i misjon må føre til endringar både når det gjeld holdningar, organisasjonsform, maktfordeling og ressursforvaltning. «United in Mission» (UIM) er ei samanslutning av tyske misjonsselskap (Vereinigte Evangelische Mission, VEM) og alle dotterkyrkjene som likeverdige medlemmer. Dette betyr økonomisk samarbeid, deling av ressursar av alle slag, også menneskelege, felles



styre (der dei afrikanske og asiatiske kyrkjene har fleirtal i beslutningsprosessen), utveksling av medarbeidarar, både for lang og kort tid, besøksgrupper frå menighetene og styrka nord-sør kontakt, og kontinuerlege teologiske samtaler med vekt på kyrkja sin totale misjon i vår tid. VEM vil altså opphøre å eksistere, og alle eignedeler vil bli overført til den nye, internasjonale organisasjonen. Alle partnarkyrkjene får dei same rettane og dei same pliktene sjølv om ikkje alle kan yte det same reint materielt. Kontinuiteten mellom VEM og UIM består i sjølve misjonsoppdraget «To proclaim Jesus Christ to be the Lord and Saviour of all people and meet the present-day missionary challenge». UIM blir kalt eit «nettverk av kyrkjer» med dette som formål. Det blir understreka at misjon og kyrkja sin einskap heng saman. Skal vi som kyrkje vere truverdige når vi forkynner til andre, må i det minste vi som har sprunge ut av same grunn, stå saman om oppdraget. Det knyter seg likevel ei spenning til kor stort teologisk spennvidde ein kan tole, for alle veit at det er stor avstand mellom nokre av dei tyske moderkyrkjene og enkelte av misjonskyrkjene.

Den prosessen som no nærmar seg slutten ved at strukturane blir endra, har tatt femten år. Gjennom denne tida har moderkyrkjene og dotterkyrkjene arbeidd for å finne nye vegar og former i misjon. Nøkkelordet har vore «å vekse seg saman» – og målet er ikkje einskap for einskapens skuld, men for misjonsoppdragets skuld. Vi ser her ei reell deling av makt, og vi veit ikkje i dag om dei tyske misjonsgivarane er reide til å halde fram med å gi til UIM slik dei tidlegare har gitt til VEM, når dei gir frå seg makta og innflytelsen. Eg synest dette er eit eksempel som vi ikkje skal gå forbi utan å stanse opp ved det, nettopp for den vilje til å dele ressursar og makt som den nye organisasjonsstrukturen legg opp til. Det er fleire spørsmål som melder seg når ein høyrer om dette eksperimentet, og eg tar det ikkje med her fordi eg trur det kan kopierast, men for dei utfordringane det reiser:

Det første er ei forståing av misjonsbegrepet som på den eine sida er tufta på ei klar prinsipiell forståing av evangeliseringsoppdraget, og på den andre sida omfattar alle sider ved mennesket. Slik eg har lært norsk misjon å kjenne, så opererer de i dykkar praksis ute på misjonsmarkene også med eit vidt misjonsbegrep. Derfor undrar det meg i blant når ein i debattar her heime kan få inntrykk av at misjon berre er evangelisering av unådde folkeslag. Partnerskap med kyrkjene ute byggjer på ei vid tolking av misjon.

UIM ser på misjon og einskap mellom kyrkjene som to sider av same sak, og samanslutninga er nettopp grunna i det å stå saman i

misjonsoppdraget. Det inneber at kyrkjene må gjensidig respektere at dei har utvikla seg ulikt, også når det gjeld teologisk profil.

Den tredje utfordringa går på den heilt konkrete tolkinga av partnerskap i form av å dele ressursane totalt sett, både økonomi, personell og makt, dvs. også på organisasjons-, styrings- og beslutningsnivået. Ordningar og organisasjonsformer er viktige, og her finst det sjølvstakt ikkje ei rett løysing. Men står desse spørsmåla på dagsordenen i det heile? Kva andre måtar finst for å realisere dette fellesskapet i praksis som viser likeverd mellom kyrkjene? Her kan eg nemne eit anna konkret eksempel med stor symbolverdi: I den anglikanske kyrkja er generalsekretæren i den evangelikale Church and Mission Society ein omvendt muslim frå Pakistan. Det seier meir enn mange ord om likeverd og fellesskap i misjonsoppdraget.

Eg vil avslutte der eg byrja, med å understreke at vi har misjonsoppdraget felles og at det er der basis ligg også for partnerskapstanken. I Det lutherske verdsforbundet har vi etter generalforsamlinga i Curitiba utforska begrepet «communio». Korleis kan vi praktisere det fellesskapet som vi forkynter, mellom kyrkjene ute og her heime og korleis kan vi gjennom dette fellesskapet gi styrke og fornying til kvarandre? Fine teologiske utgreiingar duger lite dersom praksis ikkje følgjer opp. Eg vil å slutte med den utfordringa det er til oss at kristendommens senter har flytta seg frå det såkalla «kristne» Europa til andre verdsdeler, ved å sitere frå Eivind Skeies forord til *Det farlige ordet*: «Som gammelt misjonsland opplever vi nå den utfordring og det privilegium at det Ord som ble sådd, bærer frukt og frø. Fruktene er saftige og vakre og noen ganger nesten fryktinngytende i størrelse og kraft. De synes ikke alltid å passe inn i våre velpleide teologiske hager og parseller. Men de har profetiens kraft. Og håpets flamme i dem gjør oss glade.»

Når vi deler slike frukter, oppdagar vi rikdommen i å stå som partnarar i misjon og øygnar eit håp også for vår stadig meir avkristna del av verda.

*Olga Dystbe*, f. 1940, magister i litteraturvitenskap, lektor i vidaregåande skole, dr. philos 1993. Frå 1994 prosjektleiær ved Program for læringsforskning (UiB). Representant for Den norske kyrkja i LVFs råd.

### «Partnership»: Challenges to Norwegian mission

Drawing on international ecumenical experiences the author describes various aspects of partnership in missions: the meaning of part-

nership, the relationship between mission and national churches, the meaning of being a receiver, the relationship between economic resources and dependence, and challenges from actual experiences in partnership.